

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1980

Namnet på vatnet Himalaudsbekket  
Kommune ..... Fimle

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving  
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap  
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært  
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i  
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## H I N N A L A N D S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 11. august 1980.

Vatnet ligg i Time kommune, aust for Frøylandsvatnet, og sør-vest for Njåfjellet.

Arealet er omlag 15 ha. og h.o.h. ca. 40 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 4.0 m.

Stranda består for det meste av kultivert mark og botntilhøva er gjørme over det heile.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet er lite og femner stort sett om dyrka mark og kulturbeiter.

Det er ein frodig vegetasjon i strandsona og ein vil finna vannliljer, flotgras, tjønnaks, siv- og algevegetasjon.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men noko mindre bekke-tilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør til Frøylandsvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 1.5 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er målt til 7.2 (alkalisk vatn) som er mykje godt for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 22.5 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 31.5 mg/l. Dette er høge tal samanlikna med andre analyserte vatn og gjev ei god bufferemne og ein stabil pH gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm er målt til 148.6.

Gjennomstrøyminga er liten.

### Botnprøver.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 3.0 m djup. Resultatet på 2.0 m var 38 fjærmygglarver, 8 ertemusling, 1 fåberstemark og 1 vårflugelarve - i alt 480 individ pr. m<sup>2</sup>.

3.0 metern gav som resultat 72 fjærmygglarver, 21 ertemusling og

2 fåbørstemark eller samla 950 individ pr. m<sup>2</sup>.  
 Det er såleis ganske rikt med botndyr i vatnet.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 sik. Her vart det funne fjærmygglarver, buksvømmere, sneglar og muslingkrepss.



Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein relativt rik prøve av dyre- og planteplankton.

Fisk m.v.

Det er tre fiskeslag i vatnet: Ferskvassaure, sik og Ål. Siken er i dag det dominerande fiskeslaget.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 39 sik. Det lukkast ikkje å få ein einaste aure. Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, vil vi få desse grafiske framsyningane.





Det vart teke prøver av 21 sik og av desse var 20 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet.

15 av fiskane var gytefisk - resten gjeldfisk.

Det vart ikkje funne parasittar i nokon av fiskane.

12 av prøvefiskane var hofisk - 9 hanfisk.

Medelvekta av prøvefiskane var 368 gram. Den største siken var 600 gram og lengde 40 cm.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	5.6	11.8	18.0	24.3	30.5	33.5	36.3
Årleg lengdetilv. i cm	5.6	6.2	6.2	6.3	6.2	3.0	2.8
Antall fiskar	21	21	21	18	16	8	3

Medel kondisjonsfaktor = 0.99 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for siken i Hinna-landsvatnet og samanlikna veksten med normalkurven for aure (5cm pr.år). Som vi her vil sjå, syner siken ein mykje god lengdetilvekst.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsrikt og tilhøva skulle liggja vel til rette for fiskeproduksjon. Botnprøvene våre var uvanleg rike og vasskvaliteten god.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Aurebestandet er minimalt og det er siken som dominerar.


Grunnen til at næringstilhøva er så gode i dette vatnet, er nedslagsfeltet. Dette består for det meste av kultivert mark, og tilsiga herfrå vil føre verdfulle næringsstoff med seg, og som vil koma vatnet til gode. Ein vil såleis få ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget.

Fåren med vatn av dette slaget er overgjødning og forureining.

Då vatnet er grunt, og gjennomstrøyminga er liten, kan det ein kallar for "vinterdød" inntreffa. Fisken kan gå til grunne fordi oksygeninnhaldet kan bli for lite. Årsaka er at snø og is isolerar

for ljaset og set ned plantene si assimilasjonsemne. Når plantene så åndar, bruker dei mykje av den oksygenen som fins oppløyst i vatnet, og dermed kan det bli for lite oksygen for fisken. Vi berre nemner dette og kan tilføye at det er heller sjeldan at slik "vinterde inntreff på våre kanter.

Fiskeprøven synte at det må vera svært lite med aure i vatnet og grunnen er nok at gytetilheva er lite tilfredsstillande.



Auren gyt som kjent på grus og sandbotn, og i rennande vatn. Den må såleis helst ha bekker for å kunna gi ei tilfredsstillande rekruttering.

Sikbestandet i Hinnalandsvatnet ser ut til å vera ganske stort og dette fiskeslaget formerar seg då ute i vatnet.

#### Praktiske tiltak.

For å utnytte det rike næringsforrådet i Hinnalandsvatnet må ein gå til utsetjing av aure samstundes med at ein intensiverar fisket etter siken. Desse fiskeslaga går godt saman og vil kunna gi ei høg avkastning.

Vi vil tilrå at det blir sett ut ca 400 stk. setjefisk av aure pr. år i 3 år framover og at det førebels ikkje blir nytta mindre garnomfar enn 22. Høvande garnomfar for sikfiske i dag er omf. 18-20 og 22.

Det er ingen tvil om at ein kan få fram mykje god aure i dette vatnet. Elles må ein prøva etter beste emne å stansa event. forureinande tilsig.

Til slutt kan nemnast, at Peder Ree, Bryne er kjøpar av sik og aure. Han er også for tida formann i Innlandsfiskeremnda og vil sikkert vera hjelpsam med utsetjing av setjefisk.

Stavanger 30. mars 1981

Einar Berg